

Soge (historie) tilknytt Neset Friområde i Flåm.

Bak grindbygget, som er ferdigbygd i år, sto det frå gammalt av ei husmannstove (strandsitjarstove). Her budde det ein gong ein mann med famelie, som vart kalla Per på Neset, «Peder paa Næset, (1724 – 1741)». På eignedomen min, som grensar til Friområdet, budde då og med sin famelie ein dei kalla for Nes Hans. «Hans Hoecken (1753)»; Sjå Soga om Flåm, bind II B, side 826, 827, Husmannsplassar, og side 864, Husmannen og presten, der Per er omtala i ei rettsak.

Begge levde dei av i hovudsak av fiske i fjorden og leverte, som betaling til hovudbruka fisk dei fanga. I tillegg selde dei og fisk til bygdefolk eller bytte den med andre varer. Dei skyssa og prestar og andre til og frå Vangen. Strandsitjarane hadde og notbruk dei eigde i fellesskap. Det var to NOTKASTplassar på Brekkesida på Neset. Det eine var der naustområdet er i dag, Sluseståi. Dette vart kalla for Slusen. Det andre på badestrondi, nær elvosen, som vart kalla for Kroken. Her vart det kasta etter makrel, fjord- og fretheimsild, (den siste ei feitsild som var særleg eigna til salting til spikesild), laks og aure. I seinare tid vart det og kasta etter brisling. - Eg har òg fått oppleva å vera med på evenytrlege fangstar her.-

ØYÅKRANE i dei bratte skredbakkane i området vart opparbeidde ved å rydda stein og mura opp murar i nedkant for å samla (demma) opp skredjord til små flater. Desse flatene vart liggjande som øyar i bakkane. Derav namnet øyåkrar. Det er over 20 slike åkrar her. Her dyrka dei korn, mest bygg, poteter og grønnsaker. Høy til vinterfor til husdyri, vanlegvis 1 kyr, eller dei delte på ei, sauer og geiter, vart gras slege mellom og i utkantane av øyåkrane og i utmarka over Enni (fjellet ovafor området). Oppå Enni er det ein heller, som heiter «Høyhelleren». På murane framfor denne har det truleg våre oppsett vegger av tre med dør i. – Far, Martin Johan Fretheim Sjursen (1902 – 1984). fortalde at han hadde våre med og slege gras oppe på Enni og stappa gras og høy i store striesekker som dei rulla utfor Enni og Stegane ned til badeplassen på Neset. Høyet og graset vart frakta i robåtar frå Neset til Vikji. Derfrå bar dei det i bårar opp til «Berget», øvst i Vikji, der han bestefar, Sjur Fretheim, (Sjur i Vikji) hadde sin plass (1844 – 1936). Truleg har denne metoden, får å få høy ned til stondi, vårte «arva» frå Hans og Per og deira forfedrer. Eller det har vorte brukt «løypestreng» der høybørar, lauvkjervar og ved vart løypte ned. - Då me rydda bort klunger og kratt frå gamle stiar, fann me restar av eit løypestrengspel (feste) ca. 5m. nord for Grindbygget. - Strandsitjarane hadde og griser. Dei vart fora med matavfall, tang, drank (gjera matavfall lagra i tønner), kokte restar av fisk, småpoteter, kraftbein og liknande. Husmennene på Brekke hadde ikkje hestar og på 1800 talet er ikkje hovudbruki registrete med geiter. Ordtak:» Geiter er fattimenn si kyr.».

Strandsitjarane var, etter tilhøva då, bra situerte, og var av dei første frå Brekkesida som drog til Amerika. Husmannsstovene på bruk (g.nr.49. b.nr.6 og 8.) vart revne og bygt saman med hovudbygningen til hovbudbruket. Området på Neset vart br.nr.8. Då Aurland kommune kjøpte ein del av dette i 1984, vart det b.nr. 78.

Frå utskiftingi 1865-1869 på Brekke, kjem det fram at Vinjane (Vinjum, Gjerlao og Utbygdi) i Aurland hadde rettar i Sluseståi, naust og båtplassar. «-- rettene Vinjana har i Slusestøen skal være som før.» Dei hadde stølar i Brekkedalen og beite i Stordalen, nær Ljosandalen mot Mjølfjell. Då området vart brukt som skytefelt for Heren, vart det ordna med beite og stølsrettar i Berdalen i Aurlandsdalen. Den gamle bygdevegen frå Sluseståi, 5 alne breid, vart og nytta av prestar og andre frå Aurland, før det vart bilveg mellom Aurland og Flåm i 1918, der E16 går i dag.

I same utskiftingsnotatet er og PERABEKKEN nemd; «- en helsebringende kilde. Når det var farsott i bygden, hentet bygdefolk drikkevannet sitt her». Truleg er namnet etter han Per på Neset.

Perabekken er og nemd i skyldelingi til g.nr. 49. br.nr. 14, som eg kjøpte i 1963, og som vart kjøpt av

Sjur Sjursen Frittim,(1879 – 1937), (Sjur på Neset) halvbror til far min, i 1932.: «Kjøperen forbeholdes rett til vasveg etter den gamle vei til den såkaldte «Perabekken». «. - Eg var ikkje gamle karen før eg måtte bera vatn i sinkbøtter frå Perabekken heim til ho mor. Difor har eg vel så lange armar. Dei siste åri kona til Sjur levde, Ingeborg f. Tonning 1884 – 1946, hjelpte eg ho med å bera vatn og trilla kle-vask frå Perabekken. Ho kokte vasken i ein koparkjel over ei oppmurt elte, gruve, lenger mot fjorden , og skolte kledi nær denne. Det var litt skilnad og moro for ein gutunge å bera vatn for ho, for ho hadde vassel, som ikkje me hadde. Eg har arva denne vasselen. (Sjå side 914, Soga om Flåm bind II B. g.nr. 49 b.nr. 14.)

KJØHØLEN var større før, gjekk over i ei sjøøy med sjøgras på, no nedfylt, som ål fødde ålungar i. I april var det mengder av små kvite ålar i Kjøkølen. Her gjekk dei til dei fekk ein brunleg let, før dei slepte seg ut i fjorden. I tillegg var det i hølen trepigga stingsild, flyndrer og yngel av ulike fiskeslag. NO er det berre litt stingsild att. Ei lita von var det i år, då nokre ungar fanga ein brunfarga ålyngel i utløpet frå Kjøhølen. Her held fuglar til; ender, gjes, vadefuglar (hegre), måsar som og har reir her.

Tidlegare var store mengder mad ål i Fjorden i Flåm. Svert mykje var det i marabakken i osen. Årleg tilreisande ålefiskarar fekk mykje ål i teinene sine her. – Ål har ikkje våre på menyen eller salsvare for Flåmingar. – Torgeir Skaim, frå Aurland, hugsar eg dreiv med teinefiske etter ål. Han reiste med levande ål og selde til torghandlarar i Bergen. Ålana vart pakka og transportert frå Flåm levande med NSB, i kassar med fuktig tang i.- Då eg var gutunge fiska eg med flyndreline i elva og fekk mest kor mykje eg ville ha av flyndrer og ein og annan ål. Med sluk (Kleppespon), makrel og torsk i den djupe tudniao , (rett ved huset eg er fødd i, som vart bygd over ei nausttomt i 1914) før første vårflaumen kom, (i April mnd.). I den fine evjesanden gytt ålesild (Tobis). God mat for alle typar fisk. Me ungane fann ved utfjøra sjø, gytande ålesild nede i evjesanden. Denne er no borte.

I brakkvatnet i Kjøhølen trivst ei midisinsk plante; Kattehale, som før utfyllinga av deltaområdet til Flåmselvi, låg som blometepper på begge sider av elvi. - I dag er det berre i Kjøhølen att nokre få planter av denne. - Denne og andre planter her og i området, stein og livet i fjera, har Flåm skule eit prosjekt på, som dei skal starta opp att over nyår.

Under Enni er det restar av eit skiferbråt, som var i drift fram til 1936. Skifertaket på sydsida av grindbygget på Neset kjem frå dette skiferbråtet. Denne har lege i hundre år på taket eg er fødd under. Det er ein kraftig skifer som sikkert varer i minst hundre år til.

Når det er kuldegrader om vintrane ligg det is på Kjøhølen til glede for unge og vaksne som utfører ulike aktivitetar her. – Her tok eg mine første skøytetak på snabelskøyter festa med lærreimar til beksamsko, begge deler laga av morbror min, Erik Vangen, som var skomakar. Skøytene var ikkje heilt like. Ei fann eg på loftet heime. Den andre i ei steinrøys. Då farbror min, Rognald Sørum, som var smed, slipt desse vart dei godt brukandes. Rognald arbeidde i Flåmsbaneanlegget si smie, som sto på Lundabaret, der det er ein oldtids gravplass.

Heilt ytterst i området, utanfor nausti mot Inste Sandhaugberget, var det innunder store steinar, dynamittlageret til Flåmsbaneanlegget. (Frå gammalt av kalla BUKKAHOLET. Det vert sagt at ein geitebukk gjekk inn her og vidara inn i denne store røysi. Han var borte i fleire dagar, før han kom utatt ved Sandhaugberget). Rett framfor dynamittlageret var det ein kai, som skuter med dynamitt la til. Der den var, står det no berre att ein trestokk i sjøen. Dynamitt vart køyrt med hest og kjerre dit den skulle brukast.

KRIKSMINNER; Ved å følgja ein sti frå brui ved grindbygget, kjem du rett på skyttargravi, som fører deg til opphaldshole, utsiktspost og på toppen ein uendra bunkers med mitraljøsestilling. – Eg hugsar godt at det var samanhenande piggråbuntar langs heile badestrondi for at ikkje nokon skulle koma

uhindra i land her. Etter krigen vart denne piggråen, av gardbrukarane på Brekke, brukt til over og undergurt på gjerder. Nye grenser vart markerte, og mange bukser sundrevne. Me ungane brukte stålringar som piggråen var trekt i gjennom til å kasta på pinnar.

Den 19. april 1940 søkte eit Estlandsk skip, «Begonia», lasta med kol, ly for bomber frå tyske fly innover i Sognefjorden. Det kom til slutt inn til Flåm den 25. april. Inne ved Dampskipskaien kunne det ikkje liggja i fare for at skip og bygningar på land var lette mål for bombefly. Fylkesbåten Stavenes hadde alt flytt seg til Kolakaien og Begonia prøvde finna ly under Sandhaugberi. Skipet vart ankra opp med to bauanker og bakka med full masin akterenden inn i Inste sandhaugen «Vetlesandhaugen» nett innafor Sandhaugnobbi. Denne dagen bomba tyske fly oppe på Flåm, Lunden mot Stavenes og Begonia. Eit hus på Flåm vart treft, som ei eldre einsleg dame, Jens-Anna, budde i. Naboar tok seg av ho. Ho døydde seinare av skader ho fekk under bombinga.

På Lunden trefte bomber eit tomt uthus, som brann ned.

Det vart slept mange bomber mot Stavenes og Begonia. Ingen råka skipi. Manskpet på Begonia gjekk i land i Sandhaugen og Kaptein Mihkal Kågi vart råka av ein steinsplint i hovudet og dødde her. Steinsplinten vart utløyst av ei bombe som slo ned i fjellet ovafor. Han vart gravlagd på Flåm Kyrkjegard. Eit jernkors vart sett opp på gravi. Etter krigen sette Flåm Ungdomslag opp ei steinstøtte med navn, fødedag * 28.11.1902 og død + 25.04.1940. og innskrift om hendinga. Gravi med gravstein er freda. - Det er vemodigt å tenkja på. Han var fødd 7 dagar etter far min. - Norske soldatar hogg hol i Begonia slik att skipet sakk. Mest for at tyskarane ikkje skulle kunna bruke kollasta og at skipet ikkje skulle vera eit bombeobjekt. Etter krigen vart kollasti pumpa opp.

Skipet vart frigjeve for dykkarar for ein del år sidan, og er ofte brukt av dykkarar i Norge og dykkarar frå Finland, Danmark, Sverige og Tyskland, som held dykkarkurs og møter, middag og overnattar i Flåm. Tore Brekke var den første som dykka her i Aurland, og utforska skipet og saga til dette. Det hadde først tilhøyrt England og så Danmark. Det heitte då Elisabeth. Kristjan Arnason er no leiar av Aurland dykkarklubb og tek på seg dykkaroppdrag og opplering. Ved klar sjø, kan ein sjå akterenden på skipet frå sjøflata.

Nokre av manskpet og han far rodde ut til skipet før det sakk og fekk redda mellom anna, tette tinnøskjer med stormfystikker i, faklar i ulike fargar, eit barkassekompass og flaggstongi med spir frå hekken bak på skipet. Dette vart gøymt på «mørkaloftet» heime med unnatak av flaggstongi som vart brukt til not og garngalge. Faklar og stormfyrstikker vart brukte, så lengje de rakk, kvar nyttårsfeiring. Noko me borni gledde oss til. Barkassekompasset og flaggstongspjotet har eg att.

Eg hugsar og at me hadde fleire tønner med skipskjeks såande attmed elta der det vart kokt grismat. Tønner som flaut opp, som han far hadde henta då skipet sakk. Kjeksi skulle brukast til grisemat. Av og til tok eg meg nokre kjeks og åt. Dei var godt brukande, men det sa eg ikkje til nokon. Ikkje ein gong til grisene.

Mange år seinare, då Tore Brekke frakta reservepropellen, som låg bak på hekken til skipet, inn til kranen på jernbanekaien, fekk eg eit barkasseanker hjå han, som eg òg har. Propellen ligg no på «Almenningen» mellom kaiane. Flåm skule laga eit opplysningskilt, som vart festa til denne. A 4. format. (Eg veit at ho Siri Hande var med på å laga dette.) Det har mangla skilt her i mange år. Det fortel ingen ting om saga, anna enn at det er ein propell.

BÅLPYNTEN vart laga då deltaområdi på Fretheim/Brekke vart utfølte med stein frå Flengjatunnelen. Dette for å leda kalt elvevatn forbi badestrondi. Pynten har i mange år vorte nytta til våkeld ved Jonsok av Flåm Musikklag og Musikkens venner. I vikingtidi vart det ved elvmunningar med lakse-

oppgang halde «laksebål» når dei første laksana vart fanga. Oftast i Mai kvart år. Då vart det fest for alle og griling av laks på båli. Det er ikkje utruleg at denne skikken òg vart brukt i Flåm i den tid. Det var ofte magert for mange etter ein lang kald vinter. Laks var det meir enn nok av då.

I 1177 kom kong Sverre med sine menn, frå Voss til Aurland, ut for ein snøstorm og kom på «avvege». Dei hamna til slutt i Frondalen. Bonden der, kanskje ikkje så glad i kongen, viste dei vidare veg innover flågbergi (sandhaugbergi). Her heiter denne stien; Sverrestigen, eller Sverresgong. Det vert sag, at han lova «Vår Herre», om han kom levande frå denne ferdi, skulle han byggja ei kyrkje i Aurland. Han kom seg vidare over Enni til Brekke i Flåm og han starta byggjing av Sognedomen i Aurland. Mor hans kom frå Onstad.

Flåm 19. nov. 2015.

Harald Sjursen, fødd Fretheim og hadde namnet til 1951.

NB! Dette er eit sogegrunnlag for skilting av Friområdet Neset i Flåm.